

FITJAR KYRKJEBLAD

Nr 4
SEPTEMBER 2018
ÅRGANG 41





DEN NORSKE KYRKJA
FITJAR

Kyrkjekontoret:

Postboks 10, 5418 Fitjar
Telefon: 53 45 85 00
kyrkja@fitjar.kommune.no

Kontortider:

onsdag og fredag: kl.10:00 - 15:00
Ta kontakt på telefon om døra er låst
og me er ute på oppdrag.

Kyrkjeverje:

Rydland, Harald 913 47 802
kyrkja@fitjar.kommune.no

Sokneprest:

Drønen, Roald 950 76 635
rodr@fitjar.kommune.no

Kantor:

Overweg, Jan 901 97 069
jaov@fitjar.kommune.no

Kyrkjetenar/kyrkjegardsarbeidar:

Skumsnes, Kristian 992 23 972

Soknerådsleiar:

Fangel, Sigrid 480 94 634

Nestleiar sokneråd:

Aarbø, Gunnvald 916 86 123

Bakken barnehage:

kontor 53 22 26 00
bakken.barnehage@haugnett.no



Gåver til kyrkjelydsprest og kyrkjelydsarbeidet

(Skriv om du vil øymerke gåva)
kontonr. 3546.29.05805

Framsidedeilete:

Frå friluftsgudstenesta i Kråko 5. juli.

Foto: Torbjørn Hovland



Kva er gyldig fråveregrunn?



I skole og arbeidsliv er det forskjellige fråveregrunnar som er gyldige, men det som er gyldig ein plass er ikkje nødvendigvis gyldig ein annan plass. I det 14. kapitelet i Lukas evangeliet står det om «Det store gjestebodet», som er eit bilete på invitasjonen vi får til Guds rike. Vi får høyre kva grunnar dei har for ikkje å koma i gjestebodet: «Den eine sa: «Eg har kjøpt eit jordstykke og må ut og sjå på det. Du må gjera vel og orsaka meg.» Ein annan sa: «Eg har kjøpt meg fem par oksar, og no skal eg av stad og prøva dei. Du må gjera vel og orsaka meg.» Endå ein annan sa: «Eg har gifta meg, difor kan eg ikkje koma.»» (Luk 14,18b-20)

Fríðleif Lydersen

Ingen av desse grunnane som blir presenterte er gyldige fråveregrunnar, ikkje ein gong at den eine nettopp har gifta seg er grunn god nok. «Søk først Guds rike og hans rettferd, så skal de få alt det andre i tillegg.» (Matt. 6,33) Det næraste vi kjem gjestebodet på jorda er gudsteneste, for det er Gud sjølv som inviterar til gudsteneste i kyrkjelyden.

Å gå til gudsteneste er viktig. Gud møter oss i Ord og sakrament, samtidig som vi får tilbed og lovprise ham. Vi må ikkje bruke billige unnskyldningar for ikkje å gå til gudsteneste, som for eksempel vi har besøk denne helgen så vi kan ikkje gå. Eg og du kan invitere gjestane vår med til gudsteneste. Da viser vi at trua er veldig viktig for oss, samtidig et vitnesbyrd om at du og eg ønskjer å dele trua med andre.

Å lese i Bibelen dagleg er viktig. Bibelen skal hjelpe oss å forstå Den treeinige Gud betre og betre, men det kan ikkje gjerast ved å lese Bibelen frå perm til perm ein gong. «No ser vi i ein spegel, i ei gåte, men då skal vi sjå andlet til andlet. No skjønar eg stykkevis, men då skal eg kjenna alt fullt ut, liksom eg fullt ut er kjend av Gud.» (1. Kor. 13,12) Den må lesast om og om igjen for Bibelen er Guds levande Ord, som kvar gong vi leser den har noko nytt å tilføra oss. Denne setningen: «Intet enkelt menneske og ingen enkelt tid kan fatte hele innholdet i Bibelen.» står på side 165 i Bo Giertz sin bok Den store løgngen og den store sannheten. Vi kjem aldri til å forstå Bibelen fullt ut men betre og betre for kvar gong vi leser tekstane.

Vi må ikkje forsøma gudstenesta og Bibellesing.

Nytt konfirmantkull



I gudstjenesta 26. august kunne Fridleif Lydersen presentera det nye konfirmantkullet. Eit flott syn med friske ungdomar som skal læra og reflektera mykje i dei komande månadane.

Foto: Torbjørn Hovland



21. OKTOBER 2018



Kirkenes Bymisjon

TV-AKSJONEN NRK

"Fitjar Kyrkjeblad"

er Fitjar sokneråd sitt informasjonsblad.

Adresse:

Kyrkjekontoret / rådhuset - Postboks 10, 5418 Fitjar

Heimeside Fitjar kyrkjelyd: <https://kyrkja.no/fitjar>

Gåver til kyrkjebladet og kyrkjelydsarbeidet gir høve til skattefrådrag.

Frist for innlevering til neste blad er 30. nov. til kyrkja@fitjar.kommune.no

Neste blad kjem etter planen 12. des. Har du tips, stoff eller bilete til bladet, er du velkomen til å senda det til oss.

Redaksjon:

- Friðleif Lydersen (red.)
- Olav J. Oma
- Karvel Strømme
- Anne Hardeland
- Rolf-Atle Rolfsnes
- Torbjørn Hovland

Trykk: Nils Sund Boktrykkeri AS

Alverflaten Jazzband brakte New Orleans til Fitjar



Også i år vart Fitjarfestivalen opna med ein flott konsert i Fitjar Kyrkje. For andre gong greidde Alverflaten Jazzband å løfta og inspirera oss med svingande lovprising i beste New Orleans – gospelstil. Livleg, humoristisk og leikande, men også med djupt alvor og stor respekt for det dei framførte.

T: Anne Hardeland - F: Torbjørn Hovland

Bandet slo an tonen med ein mektig versjon av «Oh, when the Saints», der publikum song og klappa villig med, medan musikarane fekk visa seg fram ein etter ein som solistar med flotte improvisasjonar og fantasifulle, spennande arrangement.

Konferansier og trombonist Jan Helge Alvær leda oss gjennom konserten med lune og humørfulle historiar. Bandet har i år 30-årsjubileum, og har sitt utspring i Alversund Musikklag. Dei møtest ein gong i veka, mest som ein guteklubb, og så øver dei litt på slutten. Og det har gitt resultat, for bandet har hatt mange oppdrag både innanlands og utanlands, m.a. i New Orleans.

Dei kom trillande alle perlene: «He's got the whole world», «Nobody knows», «New Orleans», «I shall

not be moved», «Gloryland», «Wonderful world», for å nemna nokre. Og så dei to vakre gravferdssalmane «Just a closer walk» og «I'll fly away».

«Just a closer walk» vart utført med ein original, nedtona variant med inderleg song av trommeslagarvokalisten Rolf Raknes. Stille, nært, vakkert og varmt, først med klarinett, deretter også banjo, bass og trombone med sordin, før heile bandet slo til med full trøkk. Fint å få høyra teksten på denne låten som elles oftast vert framført i instrumentalversjon.

Me fekk høve til både le, klappa, syngja og gråta gjennom konserten, der musikken gav oss heile spekteret av livet, og der musikarane makta å berøra kjenslene våre.

Det svinga godt i kyrkja vår denne kvelden, og det kjendes som me var til stades i hjarta av ei kyrkje i New Orleans. Sterkt og nært, fyldig og variert. Kvalitet frå byrjing til slutt. «Humor og alvor i skjønn forening, slik livet vårt er», som Eli Simonsen uttrykte det då ho takka dei med tapaspoteter frå Fitjar og sommarhonning frå fitjarbier. Me skulle gjerne vore i «New Orleans» ei stund til, og ønskjer bandet hjarteleg velkomne attende ved eit anna høve.

Kven er me når me mislukkast?

Torsdag 30. august var det temakveld med prest, skribent og forfattar Jostein Ørum frå Grimstad. Tema for kvelden var «Kven er me når me mislukkast?» Me fekk også gleda av å høyre dyktige Kristian Prestbø spele tuba akkompagnert av kantor Jan Overweg på piano. Ein uvanleg kombinasjon som fungerte godt.

Torbjørn Hovland

Det stimulerer sjølvkjensla å kunne framstå som vellukka. Dette kan målast ulikt, avhenging av livsfase. Sigrar på fotballbanen, dyre klesmerke, flott bil, stigande karriere, eit strøkent hus eller eit velstelt ytre.

Livslukka er for mange nært knytta opp mot sosial status og kor glinsande fasaden er. Men kva skjer med sjølvbiletet vårt når livet vert mørklagt av skuffelsar og nederlag?

Jostein Ørum hadde ein tung periode då han følte at ingenting lukkast. Ei kjensle av å koma til kort som prest, far og ektemann. Men i førebuing til julepreika såg han plutseleg Josef med nye auge. Bygningsmannen som får vite at kjærasten var gravid, utan at han sjølv hadde vore delaktig.

I eit patriarkalsk jødisk samfunn med strenge moralnormer må dette ha vore ei voldsom påkjenning for unge Josef. «Ho påstår at Gud har gjort henne gravid? Og det trur du på?». Likevel forlet ikkje Josef Maria. Han tok ansvar med kjærleik og omsorg, men gjekk snart på neste smell.

Det er ikkje noko pluss i marginen når den gravide må føde i ein skiten stall. Klarte han verkeleg ikkje å skaffa noko betre når Guds son skulle fødst? Og 12 år seinare då dei vitja hovudstaden Jerusalem presterte dei å gå frå gutebarnet sitt. «Gjekk du berre frå Jesus i dette folkemylderet?» Ikkje noko bra for parforholdet eller sjølvrespekten det heller.

Så forsvinn Josef ut av evangelia. Me veit lite om livet hans etter dette, og lite tyder på at det å oppfostre Han profetane hadde tala om medførte status eller rikdom.

Jostein framhevar at me må tåle nokre nederlag utan å føle oss som taparar. Å mislukkast er ofte svært synleg, og svir umiddelbart, mens sigrane kan verka usynlege og kome etter lang tid.

Ingen praktfulle byggverk eller storslagne bragder står att etter tømmermannen frå Nasaret, men han fekk vera lysestake for det lyset som enno skin.





Dåp under open himmel i Kråko



5. juli var me samla til friluftsgudsteneste ved Port Steingard i Kråko. Vertskapet Johannes Sandvik og Jorunn Hernes hadde gjort ein formidabel innsats med tilrigging av benker og bord til dei framømte, og været var akkurat passeleg for eit slikt arrangement.

Torbjørn Hovland

To år tidlegare vart Jonas Myhre døypt under liknande gudsteneste i Vistvik, og no var det veslesyster Jenny sin tur. Med blomepryda teine som døypefont og dåpsvatn frå termoskanne, kunne Fríðleif Lydersen innlemma dåpsbarnet i menigheten. Ein stor dag for familien og ei flott høgtidsstund for dei over 150 framømte.





Friluftsgudsteneste på Smedholmen



2. september var me samla til friluftsgudsteneste på Smedholmen. Fitjar skulekorps hadde hatt øving og overnattingshelg på Smedholmen, slik dei hadde på Fodno for to år sidan.

T: Fríðleif Lydersen. F: Helga Rimmereid

Det var satt opp skyss frå Fitjar til Smedholmen så det var gode moglegheiter for å koma seg ut til gudsteneste. Det var skulekorpset som stod for musikken i gudstenesta. Det var omlag 125 som var samla til friluftsgudsteneste denne fine haustdagen.





Fitjar kyrkjelyd har misjonsavtale med Det norske misjonsselskap og støttar NMS sitt arbeid blant fulanifolket i Mali. Fulaniane i Mali er eit nomadefolk med ein sterk og stolt tradisjon. Av 3 millionar fulaniera er det berre eit par hundre som er kristne. NMS har valt å formidla Jesu ord og gjerning på ein måte som ligg tradisjonen nær, og mange i Mali vil gjerne læra meir om Jesus Kristus. I samarbeid med lokale kristne driv NMS evangeliserande og kyrkjebyggjande arbeid, og både radio, hefte og bøker vert tekne i bruk i formidlinga. Misjonæranne brukar mykje tid på å byggja relasjonar til einskildpersonar, for å skapa tillit og respekt hos heile familiar og større klanar.

Helga Rimmereid / Ingvald A. Frøyen

Mali er eit fattig land med stor indre politiske uro, interne krigar og terror. Den siste tida har etniske fulanierar opplevd auka risiko for å bli drept. For kristne, etniske fulanierar er risikoen endå større. Ein håpar at maliske myndigheiter vil klara å hindra at konflikten eskalere og pendlarmisjonær Ingvald A. Frøyen kjem med fylgjande ferske rapport frå Mali:

Tirsdag 7. august ble en gruppe sivile fulanimenn bortført av en væpnet milits idet de var på vei til markedsdag i byen Sofara 80 kilometer sør for Mopti by i Mali. Det franske tidsskriftet Jeune Afrique har sikre kilder som bekrefter at minst elleve voksne menn, alle familieoverhoder, ble bortført og likvidert samme dag. Dagen etter, onsdag, fikk familiene til de drepte

overlevert «tøystykker» fra de dreptes klær slik at de kunne gjennomføre en religiøs begravelsesseremoni (kilde: Jeune Afrique på nett, 9.august 2018).

Siden starten på dette året har det blitt stadig tydeligere at angrep, overfall og likvideringer av sivile i Mopti-regionen, i det sentrale Mali, er etnisk motiverte. I klartekst betyr dette at det å være etniske fulani medfører økt risiko for å bli drept. Årsakene til dette er sammensatte, men noen er udiskutable.

1. Da den religiøse lederskikkelsen Amadou Kouffa, som selv er fulani, opprettet sin egen jihadistfraksjon i Mopti-regionen, tiltrakk han seg ganske mange fulanier, spesielt unge arbeidsløse menn. Det er opplagt mange etniske fulanier som har sluttet seg til de radikale islamistene, og dette setter hele den etniske gruppen og de som snakker fulani i en krevende situasjon.
2. Da islamistene og andre opprørsgrupper fikk kontroll over store deler av Mopti-regionen, og nærmest total kontroll over hele Delta-området mellom elvene Bani og Niger, så trakk den maliske hær seg ut og overlot sivilbefolkningen til seg selv. I etterkant har imidlertid sentral-regjeringen utstyrt svært mange lokale militser med automatvåpen slik at de skal kunne beskytte seg mot angrep fra jihadistene.
3. I Mopti-regionen har det i århundrer vært en vedvarende kamp om de knappe ressursene omkring

dyrkbare mark, beitemark og vann. Til stadighet har det vært større og mindre konflikter mellom fastboende jordbrukere og kvegnomadene. I Mopti-regionen er nærmest alle kvegnomader etniske fulanier, og dermed blir altså dette en etnisk konflikt. De fastboende oppfatter at de har fått blanko-fullmakt til å ordne opp, og bruker våpnene de har fått, ikke bare til å forsvare seg mot jihadistene, men til å ordne opp i gamle feider med kvegnomadene om rett til vann og land.

Nå erfarer mange av disse lokale militserne at de kan likvidere fulanier uten at det får noen følger. Lokale domstoler og hæren griper ikke inn. Neste dreining i denne spiralen blir derfor at enda flere fulanier blir «radikalisert» og flere steder danner de egne militser, som i Koro-Bankass-regionen, for å forsvare seg som gruppe.

Midt i dette kaoset befinner det seg en liten gruppe kristne fulanier. De er nå i en dobbel skvis. De er svært utsatt, fordi de har forlatt islam og blitt kristne, og nå er de altså også utsatt utelukkende fordi de er etniske fulanier.

For alle dere som følger med Mali og har fulgt med Mali i mange år, så er dette virkelig en skjebnetime. Vi må be om at myndighetene våger å ta grep for å hindre at denne etniske konflikten eskalerer.

Be for våre kristne fulani-søsken som lever i stor utrygghet, og be om at vi som kirke og misjon kan finne måter å støtte dem på i denne krevende tiden.”

Misjonsprosjektet

I fjor samla Fitjar kyrkjelyd inn 59 819,- til arbeidet i Mali. Så langt dette kyrkjeåret har me samla inn kr 57 217,- til misjonsprosjektet.

Neste kollekt til misjonsprosjektet vert 1. juledag.

Ynskjer du å støtta arbeidet i Mali ut over dette kan du gje ei gåve til kontonummer 8222.02.85057 og merka betalinga med Mali.

Internasjonal bibelgruppe

HAUSTEN 2018

i Bakken barnehage, pauserommet

måndagar kl. 19.30 – kl. 21.00.

3. september

1. oktober

5. november

3. desember

Program for kvelden:

- Te, ost og kjeks
- Vi les Markusevangeliet
- Syng litt i saman
- Ber: "Vår Far i himmelen"

Velkommen til å vera med oss!

Arr. Fitjar kyrkje



Småbarnstreff

Helga Rimmereid

Annakvar tysdag er det småbarnstreff på Fitjar bedehus kl. 10.30-12.00 (parallelt med babysong). Her samles ungar (0-5 år) og vaksne til ei spennande og variert songstund, felles nistemåltid, og god tid til leik og prat. Småbarnstreff er gratis og krev inga påmelding. Småbarnstreff er ein god plass å vera for både små og store, og det er ein fin plass å bli kjend med andre i same situasjon. Ta med tøflar el.l., niste og kopp. Det vert servert kaffi, te og saft. VELKOMEN!

Datoar resten av hausten 2018: 2., 16. og 30. oktober, 13. og 27. november, og 11. desember.



Fitjarjenter på kyrkjebesøk



Bak frå venstre: Gerd Vierdal, Lilli Ann Håvik(Drønen), Kristbjørg Sandvik 2. rekke: Liv Øvstebø, Anne Hardeland, Borea Hatlevik(Bårtveit), Åse Liv Tveita(Hansen), Aud Jorunn Bjørlykke, Inga Nesbø(Skumsnes), Helga Rimmereid(Lande), Svanhild Rimmereid(Grov). Framme: Ø Inga Øvstebø (Thorsen), Marit Skumsnes, Vigdis Aarre(Olsen), Ingunn Sandvik(Førland), Hermann Inge Aadland.

Foto: Brita Bjørlykke

Etter initiativ av Aud Jorunn Bjørlykke for 20 år sidan, har ein gjeng utflytta jenter oppvaksne på Fitjar på 50-60-talet, samlast ein gong i året på ulike stader i landet. Etter kvart har også fastbuande fitjarbuar kome til. I år var samlinga på Fitjar. Etter ønskje frå ei av dei utflytta, var første punkt på programmet omvisning i kyrkja og eit kåseri om kyrkja sin historie av «gamlepresten» Hermann Inge Aadland.

Anne Hardeland

Harald Rydland gav oss ein mektig smakebit på det nye kyrkjeorgelet, før Herman Inge leda oss gjennom kyrkja sin historie fram til i dag, krydra med gode historiar på sin lunemåte. Me fekk også omvisning på galleriet, der me mellom anna fekk sjå modell av den gamle steinkyrkja samt fleire gjenstandar frå den tida. For dei som er busette rundt i landet var dette eit godt gjensyn med gamlekyrkja. Og me takkar Herman Inge og Harald for ei nostalgisk og minnerik stund.

Frå Stranda-møtet, ei tradisjonsrik samling på Stranda bedehus kvar sommar.

Foto:
Harald Johan Sandvik



Temakveld i Fitjar kyrkje
27.september kl. 19.30



"GÅ I FRED"

-ei vandring gjennom liturgien

Fitjar kyrkjekor
Eirin Moldestad Oma, fiolin
Jan Overweg, kantor



Inngangspengar: kr. 100

Min salme - Sindre Aarbo «Deg å få skoda»

Denne bønna er eg veldig glad i. Den hjelper meg å be om rett fokus på Gud og utrustning til å tene Han.

*Deg å få skoda er sæla å nå
Gud vær det syn som mitt hjarta vil sjå
Vær Du for tanken min dyraste skatt
Ljoset som strålar ved dag og ved natt*

Den største gleda me kan ha er å sjå Gud. Det er ikkje alltid like lett å halde blikket festa på Jesus, men Gud viser seg når eg søker Han.

*Vær Du min rikdom, mi sanning og trøyst
Tal Du det levande ord med Di røyst
Far, lat meg væra barn her hjå Deg
Kom til meg Herre, ja bu du i meg*

I bibelen har eg funne den største rikdom, som er evig liv i himmelen, sanninga om at eg ikkje har sjans til å komme til himmelen, og trøst til at Jesus har betalt alt for meg, uansett kva eg gjer. Og eg kan vere Guds barn.

*Vær Du i striden mitt skjold og mitt sverd
Vær Du det merket som syner mitt verd
Livd for mi sjel, den tryggaste vakt
Lyft meg mot himlen, Du makt i mi makt*

Eg ber om at Jesus må verna meg frå å ta inn ord som ikkje er fra Gud. Og at Han må leggje sine ord i min munn når eg snakker med andre om Han. Gud skal få definere min verdi og vere min styrke.

*Rikdom og ære som menneske gjev
Er ikkje meir enn den mørknande vev
Du er mi arv som varer til sist
Himmelske Konge, det veit eg for visst*

Gud har skapt jorda og alt som er, men alt av verdiar eg eig er ikkje verdt noko når Jesus kjem og hentar oss. Han er min konge.

*Konge i æva, å lat Du meg då
Sigrande inn i Ditt rike få gå
Vær Du mi tru, den vona eg ber
Til eg får skoda Din herlegdom der*

Kongen min, Han er konge i æva. Han skal vera mi tru, som sender meg sigrande inn i himmelen der eg skal få sjå Guds herlegdom.



Frå Fitjarfestival-gudstenesta 12. august

Foto: Torbjørn Hovland

TV-Aksjonen 21. okt: Mindre åleine saman



TV-aksjonen NRK 2018 går til Kirkens Bymisjon. Gjennom TV-aksjonen i år skal vi skape eit varmare og meir inkluderande samfunn. Pengane som blir samla inn skal skape 700.000 møte mellom menneske.

Noreg er eit samfunn der skilnaden mellom folk aukar. Skilnader som ikkje fyrst og fremst handlar om etnisitet eller religion, kor du kjem frå eller kven du er, men om du er innanfor eller utanfor.

Det er mange måtar å vere utanfor på. Frå å mangle ei seng å sove i, til å vere utanfor i arbeidslivet eller sosiale fellesskap. Dette råkar ikkje berre enkeltpersonar, men gir ringverknader for alle.

Bli bøssebærer!

Målet er at alle husstander skal få besøk den 21. oktober. Til det treng vi 100 000 bøssebærarar.

Tidspunktet for bøssebæringa er mellom klokken 16.00-18.00 søndag 21.oktober.

Er du under 18 år, må du gå i følgje med ein som er vaksen

Ønsker du å gå saman med ein venn, held det at éin av dykk registrerer seg som bøssebærer

Har du spørsmål om det å vere bøssebærar eller kva som skjer rundt TV-aksjonen der du bur? Ta kontakt med din lokale TV-aksjonsleiar.

Med TV-aksjonen NRK 2018 kan Kirkens Bymisjon skape møte som kan redde liv. Ved å opne dører og legge til rette for at fleire kan møtast, skal vi vise kvifor TV-aksjonen i år er viktigare enn aldri før. Vi skal tilby menneske som opplever å stå utanfor, eit nytt fellesskap, ei seng eller ein samtale og slik bidra til at fleire får sjansen til å oppnå eigne mål og draumar.

BLI MED PÅ VERDAS STØRSTE DUGNAD!

Bli bøssebærar, ring **02025** eller gå inn på **blimed.no**

Temakvelder i Fitjar kyrkje hausten 2018



25.oktober kl. 19.30

Tidlegare fengselsprest
Odd Cato Kristiansen
"Møte med menneske på
livets kant"



29.november kl. 19.30

Fitjar kammerkor
Gjertruds sigøynerorkester
Britt Synnøve Johansen

KONSERT



Ny sokneprest og ny trusopplærar



Roald Drønen tok til som sokneprest i Fitjar 24. september.

Foto: Kjetil Rydland

Randi Lønning Matre startar som trusopplærar 1. desember.

Foto:



Meir stoff om dette i neste utgåve.

FITJAR BEDEHUS

03.10.	18.00	Basar NMS
07.10.	19.30	Søndagsmøte m/forbøn, Lise Marie T. Litlabø
10.10.	19.30	Nattverdmøte
14.10.	19.30	Søndagsmøte, Marit H. Aadnanes
17.10.		Basar Indremisjonsforeningen
20.10.	18.00	20 års jubileum Fitjar Barnegospel
23.10. - 04.11.		Møteaksjon NLM - Nils Kåre Strøm
10.11.		Misjonsmesse NLM
11.11.	19.30	Søndagsmøte Israelsmisj. - Bjarne Skogedal
18.11.	17.00	Familiemøte
25.11.	19.30	Søndagsmøte Normisjon
27.11.		Vennskapsfest Bakken barnehage
01.12.		Julemesse Fitjar bedehus
02.12.	11.00	Adventsfrukost
16.12.	19.30	Søndagsmøte m/forbøn

Sjå òg www.fitjar-bedehus.no

Nils Kåre Strøm er ein etterspurt forkynnar. Han har stått i vekking fleire stader i landet. Han har ein folkeleg forkynning med eit solid kristent innhald.

Hald av veke 43 og 44, 23. oktober - 4. november!

Det vert god song og musikk, god tale og tilbod om forbøn. Me håper at både kristne og ufrelste kan få eit nytt møte med Jesus.

Ver gjerne med å be for desse møta.



Søndagsskulens dag

Foto: Rune Longfjeld Rimmereid

Kyrkjebladet treng medarbeidarar

Likar du å skriva eller fotografera?
Då har kyrkjebladet bruk for deg.
Ta kontakt med redaksjonen.

||| GSE SANDVIK AS

55 60 18 20



Din Catering leverandør

Telefon:
41 42 80 38 (Randi)

E-post:
fitjarcamping@haugnett.no

**FITJAR
SJO OG CAMPING**



Vilkommen til ein trivselg handel på Fitjar



lyd og bilde - telefoni - kvitevarer - møbler - gaveartikler mm.

53 49 73 07
53 49 73 09

www.rydland.as

post@rydland.as

Hår loftet

OPRINGSTIDER
Mån, tirs, fre..... 9-16
Ons, tors..... 9-18
Laur (kun drop-in).. 10-13

Fiks frisyren hos oss!

Treff oss i 2. etg
i Larsen bygget

For timebestilling ring:
53 49 78 90



OPNINGSTIDER:

Man-tys-fre: 9-16

Ons-tor: 9-18

Laurdag: 10-14

Tlf. 53 49 79 72

No kan du bestille time på nett:
www.ledigtime.no



GRONAVIKJO UTVIKLING AS

Vestbøstad - 5419 Fitjar

90 12 02 81

**AARBØ & KORSVIK
FORSKALING**

TLF:
916 46 123

Vesthaugane

www.vesthaugane.no

Telefon: 53 49 74 34 - 91 82 41 58



Lerøy Sjøtroll Kjærelva AS
Kjerelvvegen 55

5419 Fitjar

www.leroyseafood.com



Mobilnr: 951 89950



Mobilnr:
975 02381

Fitjar-Posten

E-POST: post@fitjarposten.no - MOB: 476 52 527

www.fitjarposten.no

**PORT
STEINGARD**

Port Steingard AS
v/Johs Sandvik
Postboks 11, 5418 FITJAR
Telefon 916 67961

Susflidskron

Tlf: 53 49 79 60



Fitjar
Bygdekvinne lag



Galleri Flora

Tlf: 53 49 95 00

www.interflora.no

Blomster - Gaver - Gravsteiner



www.finero.no - jantore.aarskog@finero.no

Ledig annonseplass



53 45 72 00

53457220
(fax)

Fitjar Mekaniske Verksted AS



Årskog, 5419 Fitjar 944 30 500 <http://www.fitjarbest.no/>

SPAR



KVERNENES
BÅTBYGGERI

Kvernenes Båtbyggeri AS, Kalvøi 27, 5410 Fitjar
Telefon: 53 49 90 90, baatbyggeri@kvernenesbaat.no

VB
VARME & BAD

Hatlevik Rør AS

Tlf: 53 49 93 15



Sko – Gåver – Leiken

Kom: Norsk Tipping
Rikstoto

Tlf. 53 49 71 61



Fitjar
FJORDHOTELL
Tlf. 53 45 77 00

Videoen
Kiosk



Engevik &
Tislevoll a.s
Byggmester og Entreprenørfirma
Tlf. 53457300. Fax. 53457310

Vågen's kro
og catering

48 04 19 09



Aarskog
Elektro

AUT. ELEKTROENTREPRENØR – 5419 FITJAR.
TLF. 53 49 71 00 – MOB. 40 40 41 45

REMA 1000

bare lave priser

Fitjar - tlf. 53 49 70 50



Carfix Fitjar

Tlf: 53 49 71 21

HEIMLI
SHIP DESIGN

Fitjarveien 24, NO-5419 Fitjar - Tel: +47 46 91 72 70
E-mail: post@heimli.com - Web: www.heimlishipdesign.com

SparebankenVest

VI ER FAMILIEBANKEN

Vi følger deg hele livet



Syng med oss !
OSTERNES MANNSKOR

Ledig annonseplass

Ledig annonseplass



Slekters gang

Døyppte:

08.07.

Jóhannes Hauan

15.07.

Jenny Myhre

05.08.

Selma Anuglen

Elida Drivenes-Helland

19.08.

Heidi Dalen

Vigde:

14.07.

Åse Regine Roseth og

Kjell Ove Roseth

11.08.

Kristine Aspeseter Korsvik og

Robin Øyerhavn Valvatne

18.08.

Randi Henriksen og

Terje Henriksen

Jordfeste:

Mikal Arthur Øvrebø

f: 29.04.1926 d: 25.08.2018



Gudstenesteliste

Tors. 27.09	Temak.	19:30	Fitjar kyrkjekor og Jan Overweg «Gå i fred» - ei musikalsk vandring gjennom liturgien.
Søn. 30.09.	19 sit	11:00	Familiegudsteneste presteinnseting og 4 års bok ved Roald Drønen og Jan Overweg. Takkoffer Kyrkjelydsarbeid.
Søn. 07.10.	20 sit	11:00	Gudsteneste ved Roald Drønen og Jan Overweg. Takkoffer Den norske Israelsmisjon.
Søn. 14.10.	21 sit	11:00	Gudsteneste ved Roald Drønen og Jan Overweg. Takkoffer Kyrkjelydsarbeid.
Søn. 21.10.	22 sit	11:00	Familiegudsteneste/Hausttakkefest ved Roald Drønen og Jan Overweg. Bakken barnehage og Bygdekvinnelaget deltek. Takkoffer TV-aksjonen.
Tors. 25.10.	Temak.	19:30	Odd Cato Kristiansen «Møte med menneske på livets kant»
Søn. 28.10.	B & B	11:00	Gudsteneste ved Roald Drønen og Jan Overweg. Takkoffer Sjømannskyrkja.
Søn. 04.11.	Helg.	11:00	Helgemessegudsteneste ved Roald Drønen og Jan Overweg. Diakoninemnda deltek. Takkoffer Diakoninemnda.
Søn. 11.11.	25 sit	11:00	Gudsteneste ved Roald Drønen og Jan Overweg. Takkoffer Stefanusalliansen.
Søn. 18.11.	26 sit	11:00	Familiegudsteneste ved Roald Drønen og Jan Overweg. Takkoffer Kyrkjelydsarbeid.
Søn. 25.11.	Kr. ko.	11:00	Gudsteneste ved Roald Drønen og Jan Overweg. Takkoffer Himal Partner.
Tors. 29.11.	Temak.	19:30	Fitjar kammerkor , Gjertruds sigøynerorkester og Britt Synnøve Johansen.
Søn. 02.12.	1 sia	19:00	Ljosmesse ved Roald Drønen, konfirmantane og Jan Overweg, Takkoffer Kyrkjelydens barne og ungdomsarbeid.
Søn. 09.12.	2 sia	11:00	Gudsteneste i Osterneset bedehus ved Roald Drønen og fl. Takkoffer Osterneset bedehus.
Søn. 16.12.	3 sia	11:00	Gudsteneste ved Roald Drønen og Jan Overweg. Takkoffer KFUK-KFUM.